




Årsrapport 2022

Handsama av styret i omstillingsprogrammet Sykkylven: 26.januar 2023

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven: 13.februar 2023





Vedlegg 1 – Prosjektportefølje 2022.....	19
--	----

Innhald

1. Innleiing	3
1.1 Årlege handlingsplanar	3
1.2 Situasjonen for næringslivet i Sykkylven i 2022	3
2. Mål og resultat	4
2.1 Overordna mål og resultat	4
2.2 Resultat og aktivitet – År 2	6
2.3 Programstatusvurdering.....	10
Innsatsområda – resultat	11
3.1 Innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet	11
3.2 Innsatsområde 2. Opplevingsnæringane.....	12
3.3 Innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk	13
3.4 Innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven	14
Organisering og drift.....	15
4.1 Organisasjonsform og eigarskap	15
4.2 Omstillingsstyret.....	15
4.3 Samarbeidsrelasjonar	15
4.4 Administrasjon og drift.....	16
Kommunikasjon.....	16
Finansiering og innvilgingstatus 2022	17
Inntekter og utgifter 2022	18
Vedlegg.....	19



1. Innleiing

Vi har no gjennomført år to av seks i omstillingsprogrammet, og ser her tilbake på 2022 og dei mål som var satt og den aktiviteten som vart gjennomført.

Sykkylven kommune har omstillingsstatus frå 2021 til og med 2026, med mål om å bidra til å skape nye og sikre 170 arbeidsplassar i Sykkylven i denne perioden.

Bakgrunnen for å søke status som omstillingskommune var ønske om å utvikle ei breidde i næringslivet i Sykkylven, for å redusere den sårbarheita som kjem av ein einseitig næringsstruktur. Omstillingsprogrammet ønska å bidra til ei vidareutvikling av eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar og slik bidra til eit meir robust næringsliv som er berekraftig inn i framtida. Omstillingsarbeidet skal òg bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.

Det er valt fire prioriterte innsatsområde i omstillingsplanen:

- 1. Skaparglede i næringslivet**
- 2. Opplevingsnæringar**
- 3. Samarbeid og nettverk**
- 4. Attraktive Sykkylven**

For kvart innsatsområde i omstillingsplanen er det utarbeid ulike strategiar med delmål. Desse er nærmare skildra i kapittel 4.

1.1 Årlege handlingsplanar

Strategien ligg i botn, utarbeida for 2021-2026. Handlingsplanane er ei årleg konkretisering av omstillingsplanens innsatsområde med strategiar

og tiltak. Tiltak og prosjekt som er vedteke gjennomført i handlingsplanen skal godkjennast av styret for omstillingsprogrammet før dei blir igangsette. Årlege handlingsplanar gjev oss fleksibilitet og handlingsrom til å justere kursen slik at innsatsen vår best mogleg er tilpassa dagens situasjon og behov.

1.2 Situasjonen for næringslivet i Sykkylven i 2022

Første året av omstillingsprogrammet var eit år prega av korona for næringslivet i Sykkylven så vel som resten av verden. Bedriftene tilknytt møbelnæringa, industri, samt bygg- og anlegg hadde god etterspørsel og nok arbeid, dei største utfordringane var tilgang på arbeidsressursar. Når vi ser tilbake på år 2 av omstillingsprogrammet var det framleis noko påverka av korona i første del av året, i tillegg kom det ein krig i Europa, som har påverka samfunnet vårt på mange måtar. Auke i materialprisar, auka renter med mål om nedkjøling av økonomien og ei svekka kjøpekraft er stikkord for 2022. Etterspørselen etter varer og tenester gjekk ned, spesielt andre halvår, noko som treff møbelnæringa hardt etter den oppgangen dei har hatt. Når møbelprodusentane blir råka, blir også underleverandørane råka da mange av dei levera mykje av sine varer og tenester til møbel. I lys av dette har bedriftene i Sykkylven hatt ulikt behov for rekruttering gjennom dette året, og spesielt ved årsslutt ser vi

Sykkylven kommune fekk i 2021 omstillingsstatus – dette betyr seks år med ekstraordinær innsats for næringsutvikling gjennom det som kallas eit omstillingsprogram. **Den ekstraordinære innsatsen er eit spleiselag mellom Møre og Romsdal Fylkeskommune, Sykkylven kommune og Sykkylven Industri- og Næringslag.** Totalt er det satt av 32,4 millionar kroner til omstillingsarbeidet over ein periode på 6 år. Av det bidreg Møre og Romsdal fylkeskommune med omlag 24 millionar og Sykkylven kommune og Sykkylven Industri- og Næringslag med omlag 8,4 millionar kroner. I tillegg er Innovasjon Norge med å delfinansierer ein del sentrale prosjekt/verktøy som kan tas i bruk i omstillingsprogrammet.



at medan nokre bedrifter treng å rekruttere spesialkompetanse, er det andre som står i nedbemanningsprosessar.

2. Mål og resultat

2.1 Overordna mål og resultat

Hovudmålet for omstillinga er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune. Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen nedanfor viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
1. Skaparglede i næringslivet	10	15	25	25	25	30	130
2. Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30
3. Samarbeid og nettverk	0	2	2	2	2	2	10
4. Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	0
Sum mål arbeidsplassar	15	22	32	32	32	37	170
Akkumulert mål	15	37	69	101	133	170	170

Den direkte effekten frå omstillingsarbeidet vil vere realiseringa av resultatmålet på 170 nye/sikra arbeidsplassar. Den indirekte effekten vil vere auka verdiskaping og ein meir robust næringsstruktur, ei styrka utviklingevne i bedriftene, og oppfatninga av Sykkylven kommune som ei attraktiv kommune å bu, leve og arbeide i.

Vi tel brutto arbeidsplassar som omstillingsmidlane bidrar til å sikre og/eller skape gjennom å støtte bedriftene på ulike måtar (eks. ved støtte til utviklingsprosjekt, bedriftsrådgiving, kompetanseheevande tiltak etc.). Arbeidsplassane blir talde etter ei skjønnsmessig vurdering frå bedriftene sjølv, ved slutten av kvart år, samt dokumentert via brutto innrapportering av prosjektleiarrapportar frå enkeltprosjekt.

Omstillingsprogrammet følg med på nokre måleindikatorar for å sjå korleis vi ligg an til å nå dei indirekte måla våre som går på å vere ei kommune med eit robust og variert næringsliv, der det er attraktivt å drive næringsverksemd og der folk ønskjer å leve og bu. Fyste åra vil vi vanskeleg kunne trekke nokon samanheng i mellom innsatsen i frå omstillingsprogrammet og resultata som måleindikatorane vi har valt ut viser, som sysselsettingsutvikling og befolkningsvekst. Det er likevel nyttig å følgje med på desse tala, slik at vi heile tida veit kva som er utgangspunktet vårt. For 2022 ser vi på plassering i NHOs kommune-NM, sysselsettingsutvikling, nyetableringar og demografisk utvikling.

Plassering i NHOs kommune-NM

Kommune NM er ei rangering utarbeida av Næringslivets hovudorganisasjon (NHO), der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft, med utgangspunkt i vurderingar knytt til næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse, og kommunal økonomi. Plasseringa i 2022 er basert på tal i frå 2021. Her vert både Møre og Romsdal som fylke og Sykkylven kommune rangert som middelst god totalt sett. På indikatoren næringsvariasjon skårar Sykkylven dårleg og får lavast mogleg skår, ligg på botn både i fylket og i landet. Denne låge skåren seier noko om at næringslivet i kommunen er avhengig av få bedrifter eller få næringar.



Demografisk utvikling

Befolkningstalet per 3.kvartal 2022 er 7.590. Befolkningsveksten er negativ på -0,4 prosent, fylkesgjennomsnittet er på -0,2 prosent og landssnittet på 0,6 prosent, viser tal frå NHOs kommune NM.

Befolkning



Kilde
Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Statistikk frå SSB visar redusert påfyll i aldersgruppa 0-19 år, og få kvinner i aldersgruppa 20-40 år, nedgang i tal kvinner er ei aukande trend. Innvandring er viktig for folketalsutviklinga.

Sysseleutvikling

NHOs kommune-NM visar ein sysseleutvikling på 68,7 prosent i Sykkylven, noko som er likt landsgjennomsnittet, men over fylkessnittet. Arbeidsledigheita er på 0,8 prosent, under både landssnittet og fylkessnittet på høvesvis 2,2 og 1,9 prosent. Vi ser ei økt innpendling og utpendling over dei siste åra, og her er det dei nærliggande kommunane Stranda og Ålesund vi har mest aktivitet til/frå.

Pending




Kilde
Sysseleutvikling, registerbasert, Statistisk sentralbyrå



Nyetableringar

I følge kommuneprofilen var det både kraftig oppgang og nedgang i talet nyetableringar i Sykkylven i perioden 2012-2015. Frå 2016 og fram til 2021 stabilisera talet seg. Variasjonane utspela seg mest innan næringane bygg og anlegg, varehandel og teknisk tenesteyting/eigedomsdrift. I 2020 har vi 68 nyetablerte føretak, i 2021 43 nyetablerte føretak.



¹ Kilde: kommuneprofilen.no



2.2 Resultat og aktivitet – År 2

Omstillingsprogrammet har i 2022 støtta **23 utviklingsprosjekt i frå næringslivet**, og gjennomført 5 større aktiviteter, av dei var fire store aktivitetar for næringslivet spesielt og eit program for kommunen som tilretteleggjar for næringslivet. **Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 12 arbeidsplassar og skape 10,8 nye arbeidsplassar i 2022**, omtrent akkurat på målet som var totalt 22 nye og sikre arbeidsplassar for 2022. Sjå vedlegg 1 for oversikt over totalt innvilga tilsegn til bedriftsretta prosjekt og større programaktivitet.

Fleire store programaktivitetar er gjennomført: Felles for dei største programma er at dei er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge og omstillingsprogrammet, og at det leverast i samarbeid med konsulentar godkjente av Innovasjon Norge. Alle programma gjennomførast etter PLP-metodikken (PLP=prosjektleiarsprosessen); Forstudie, forprosjekt og hovudprosjekt. Omstilling er i hovudsak med å støtte dei to første fasane.




SMB Utvikling - SMB (små- og mellomstore bedrifter) - Utvikling er eit program som hjelper små og mellomstore bedrifter til bedra konkurransekraft, lønsemd og innovasjonsevne. I forstudien var 21 bedrifter med, i perioden mai-august 2021. Forprosjektet starta opp i september 2021 og vart avslutta i august 2022. Prosjektansvarleg var omstillingsprogrammet v/Lise Haukeberg, BDO v/Harald Husabø var engasjert som prosjektleiar.

Første «kull» har gjennomført SMB Utvikling, ni bedrifter vart med heilt i mål her og tilbakemeldingane frå deltakarane var gode. I tillegg til at skreddarsydd rådgjeving var høgt verdsett av bedriftene, var også det å vere ein del av eit nettverk på tvers av bedrifter og bransjar trekt fram som ein verdifull del av å delta i programmet. For fleire av bedriftene vart det satt i gong utviklingsprosjekt som resultat av analyser og arbeid igjennom SMB Utvikling.





Reisemålsutvikling - Programmet skal resultere i ein langsiktig og heilskapleg strategi for Sykkylven som reisemål, med målsetting om auka lokal verdiskaping. Forstudien gav ei situasjonsanalyse over lokalt reiseliv, og avklara føresetnader og ressursfundament for den eventuelle vidareføringa. Forprosjektet starta i august 2021 og gjekk ut på å lage ein masterplan for reiselivet i Sykkylven basert på kartlegginga i forstudien. Prosjektansvarleg var SNU v/Åsne Folstad, Mimir v/Marie Bergsli var engasjert som prosjektleiar. Masterplan Sykkylven vart ferdig november 2022. Neste steg er å gå frå ord til handling med ein handlingsplan frå 2023-2026.



Kompetanseprogram for handel og service – Kompetanseprogrammet for handel og servicenæringa vart gjennomført januar-juni 2022. Programmet vart gjennomført som eit pilotprogram i den betydning at Innovasjon Norge ønska ei vidareutvikling av eit allereie eksisterande program, med meir fokus på samarbeid, berekraft og digitale flater. Av dei 10 bedriftene som starta opp i programmet, gjennomførte 6 bedrifter fullt ut. Programmet skulle gi deltakarbedriftene styrka konkurransekraft og

auka lønsemd gjennom å arbeide med eigen forretningsmodell og auke samarbeidet mellom bedrifter i regionen. Pilotprogrammet var organisert med Anne Helgesen frå Innovasjon Norge som prosjekteigar, Lise Haukeberg frå omstillingsprogrammet i Sykkylven som lokal prosjektkoordinator og Mariann Høyen frå Næringsutvikling AS som prosjektleiar, rådgjevar og fagleg ansvarleg. I tillegg var Søren Solvang frå Næringsutvikling AS rådgjevar og samlingskonsulent i programmet.





Digitale læringsreiser – Hausten 2021 gjennomførte vi ei kompetansekartlegging av digital kompetanse og behov i lokalt næringsliv, basert på verktøy utvikla av DigitalNorway og Viken Fylkeskommune, for 3 bransjar/grupperingar i kommunen: 1. Handel/service/reiseliv, 2. Bygg/anlegg, 3. Øvrig industri. Gjennom kartlegginga og samtala med bedriftene vart det avdekkja fleire områder med stort kompetansebehov i kommunen. På bakgrunn av dette tilbydde vi tre læringsreiser/kursprogram til bedriftene i kommunen i 2022, desse inkluderte eit løp med «live» webinar og digitale kurs for gjennomføring av kursdeltakarane på eigen tid: 1. Berekraft og digitalisering, 2. Digital marknadsføring og 3. Frå data til verdi. Alle læringsreisene er no gjort tilgjengelege via nettsida skaparglede.no.





Næringsvennlig kommune - Næringsvennlig kommune er eit verktøy for kommunar som vil styrke sin funksjon som tilretteleggjar og samarbeidspartnar for lokalt næringsliv. Forstudie vart gjennomført juni-november 2021. Forprosjekt vart gjennomført frå desember 2021-desember 2022. Prosjektansvarleg var omstillingsprogrammet v/Lise Haukeberg, PwC v/Ingvill Flo var engasjert som prosjektleiar. Forprosjektperioden vart strekt med fleire månadar grunna skifte i kommunedirektør, det var viktig å involvere ny kommunedirektør som var på plass frå august 2022. **Eit næringsteam er oppretta**, det består av kommunedirektør (som leiara temaet), ordførar, teknisk sjef, dagleg leiar i SNU (næringsjef), samfunnsplanleggar, programleiar omstillingsprogrammet. Formålet med næringsteamet er betre samhandling på tvers internt i kommuneorganisasjonen på områder som gjeld næringslivet. Næringsteamet møtast kvar 14.dag.

Rekrutteringskampanje «Moglegheiter» for næringsliv og kommune – Omstillingsprogrammet støtta og hadde prosjektansvar for ein rekrutteringskampanje på vegne av Sykkylven Industri og Næringslag og Sykkylven kommune. Marknadsføringsselskapet Anunatak hadde prosjektleiinga og gjennomførte ein workshop lokalt, med ei bredt samansett gruppe folk, for å finne ut kva vi skulle formidle i kampanjen. Hovudtema vart «moglegheiter». Det vart utarbeidd filmsnuttar tilpassa sosiale medium (SoMe) på 1 minutt og mindre i lengde, samt biletmateriell til SoMe. Kampanje vart køyrt i utvalde digitale aviser, regionalt og i Norge, samt på SoMe, i november og i romjula. Konseptet er laga slik at dette kan utvidast til fleire kampanjar, med fleire tema.





I tillegg er ei rekke mindre aktiviteter gjennomført; 3 PLP-kurs (prosjektlederprosessen, eit Innovasjon Norge kurs), 9 frukostmøte og mini-seminar med dagsaktuelle tema. Tema har blant anna vore «kjøp og sal av bedrifter», «styreansvar/-arbeid», «gründeren», «IoT-applikasjonar», «berekraft», «relasjonsleiing», med meir.

Det er oppretta eit samarbeidsforum for skule og næringsliv, «Skulenær», der 4 nettverksmøter er gjennomført, og lagt opp til fast 4 møter per år. **Det er også starta eit Gründerforum,** her er eit nettverksmøte gjennomført.

Vi har motteke og **innvilga 23 prosjektsøknadar i frå bedrifter og nettverk.** Prosjektarbeidet i bedriftene er ein viktig drivar for å sikre og skape nye arbeidsplassar.

SNU si storsatsing, SkaparLINKEN, det nye kontorfellesskapet i Aure sentrum, opning i januar 2022. Her er det lokale næringsapparatet samla, både SNU som er det ordinære næringsapparatet og Omstillingsprogrammet som er det ekstraordinære. SkaparLINKEN har vore ein viktig arena for mykje av aktiviteten som omstillingsprogrammet har gjennomført i 2022. Lokala har vist seg å fungere, slik som ønska, som ein møteplass og ein koplingsarena. Det er lav terskel for å kome innom lokala i sentrum av Aure, med små og store spørsmål knytt til næringsutvikling. Tettare samarbeid internt i kommunen gjennom det nyoppretta Næringsteamet, har resultert i at ordførar og teknisk sjef har ein fast møteplass med publikum i SkaparLINKEN, frå 8:30-9:30 den fyste torsdagen kvar månad.



Vi deltok på Innovasjonsfestivalen i Åndalsnes og inviterte med oss lokalt næringsliv, representantar frå Sykkylven Industri- og Næringslag var med. **Omstillingsprogrammet har òg støtta** ei rekke aktiviteter som SNU har hatt region på, til dømes bransjetreff for møbelindustrien i regi av Norsk Industri og i samarbeid med SNU.

Gjennom SNU har omstillingsprogrammet tilgang til eit regionalt nettverk, som deira samarbeidspartnarar i Ålesund kunnskapspark (åkp), Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS), Framtidslaben, Hoppid Møre og Romsdal, næringsavdelinga i Stranda kommune og i Fjord kommune. Det har også vore viktig å støtte SNU i arbeidet inn mot å bli «node» til innovasjonsselskapet Nordveggen i Rauma kommune, når dei jobba mot, og fekk, næringshagestatus i SIVA sitt næringshageprogram i 2022. I tillegg har vi dialog med blant anna Skaparhuset i Ulsteinvik og deira samarbeidspartnar ProtoMore i Molde, og NextDigital som er eit bedriftsnettverk i Møre og Romsdal.



2.3 Programstatusvurdering

Programstatusvurdering gjennomførast ein gong per år i heile omstillingsperioden, der hensikta er å kunne nytte en hel dag til å vurdere eige utviklingsarbeid, sjå heilheita i prosessane og saman konkretisere kor ein bør vurdere ytterlegare innsats for å bli betre. Vurderingane her er retta mot forbedringspotensialet, og er såleis ikkje ein balansert skildring av arbeidet i Sykkylven.

Hovudkonklusjon frå programstatusvurdering 2022:

«Omstillingsprogrammet i Sykkylven jobber godt og har fått etablert en god prosjektportefølje. Det er god struktur og fremdrift i arbeidet, og man bruker handlingsplanen aktivt for prioritering av innsats og midler. Det er fortsatt viktig å jobbe videre med forankring av programmet og engasjere inn flere bedrifter i programmet.

Styret og administrasjonen fungerer godt og har en god sammensetting av kompetanse og erfaring. Det er utfordrende å få fulltallig styre på styremøtene, og det bør vurderes tiltak for å sikre deltagelse fra alle styremedlemmer og sikre kontinuitet i styrearbeidet.

Omstillingsprogrammet og SNU har funnet god form på samhandling og fellesaktiviteter. Det er satt i gang mange gode tiltak for å styrke samarbeid, nettverk og kompetansen i næringslivet som skal styrke utviklingsevnen. Programmet har per dato ikke fått innrapportert status på arbeidsplasser for 2022, forventer god effekt av SMB utvikling» (Sluttrapport programstatusvurdering, 2022).

Anbefalingar for 2023:

1. Øke oppsøkende aktivitet mot næringslivet for å engasjere flere bedrifter inn i aktiviteter i programmet.
2. Vurdere tiltak (f.eks. form og hyppighet på styremøter) for å sikre deltagelse fra alle styremedlemmer og sikre kontinuitet i styrearbeidet.
3. Øke innsats på oppfølging av bedrifter som har fått støtte for å sikre at flest mulig prosjekt går til hovedprosjekt/realisering.
4. Vurdere tiltak for å bidra til å utvikle nye aktiviteter basert på den sterke industri- og teknologikompetanse man har lokalt – smart spesialisering (ref. fylkeskommunen sin strategi)
5. Vurdere tiltak for kompetanseheving i styret i forhold til hvordan man kan jobbe med bærekraft i programmet og sette mål for det videre arbeidet på styreseminaret. Det bør hentes erfaring fra Innovasjon Norge eller andre omstillingsområder på hvordan man kan utfordre bedriftene i prosjektsøknader.
6. Vurdere hvordan man kan trekke inn relevante kompetanse/FoU-miljø i programaktiviteter og prosjekter, dette for å styrke utviklingsarbeidet i bedriftene og tilføre ny kompetanse.



Innsatsområda – resultat

3.1 Innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet

Arbeidsplassmål:

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Mål	10	15	25	25	25	30	130
Resultat	10,5	19,8					30,3
Avvik	+0,5	+4,8					+5,3

Strategiar, delmål og resultat:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
A. Teknologi og marknad	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt	- Gjennomføre forstudie SMB utvikling nr.2 - Starte forprosjekt SMB utvikling nr.2	- Start des. 22 - Start feb.23
B. Bedriftsretta tiltak	Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) frå bedriftene	Iverksett minimum 8 prosjekter	14 bedriftsutviklingsprosjekt i bedrifter
C. Kompetanse og rekruttering	- Gjennomføre kompetansehevande tiltak basert på kartlegging (frå 2021). - Nytte samarbeidspartnarane Framtidslaben, åkp og iKuben aktivt i kompetanseheving. - Pådrivar for, samt bidra til, å kople bedrifter og FoU-miljø. - Støtte og iverksette rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene tilgang på kompetanse	- Iverksett minimum 5 kompetansetiltak - Iverksett minimum 1 rekrutteringstiltak	3 læringsreise 1 seminar styrearbeid 1 seminar berekraft 1 PLP-kurs (+ 2 til på andre innsatsområde) - Leiarutviklingsprogram oppstart januar 23 - Koordinering ÅKP Step Up 2 kurs - Pilot – rekrutteringskampanje kommune og næringsliv - Deltaking «Bli med hjem» Trondheim



3.2 Innsatsområde 2. Opplevingsnæringane

Arbeidsplassmål:

6. Opplevingsnæringane – arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Mål	5	5	5	5	5	5	30
Resultat	0,5	2					2,5
Avvik	-4,5	-3					-7,5

Strategiar, delmål og resultat:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
D. Masterplan reiselivet	Gjennomføre masterplan reiselivet. Støtte tiltak som masterplan for reiselivet anbefala.	1. Ferdigstille forprosjekt masterplan for reiselivet 2. Iverksett minimum 2 tiltak som anbefalt i masterplan	1. Ferdigstilt haust 22 etter plan 2. 1 av 2 tiltak iverksett: Studietur reiseliv/opplevingar gjennomført mai 22
E. Produkt og marknad	Støtte utviklingsprosjekt frå bedriftene som utviklar nye produkt og nye marknader for aktørane i opplevingsnæringane i Sykkylven.	1. Iverksett minimum 10 prosjekter	1. 6 prosjektsøknadar innvilga
F. Kompetanse	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevande tiltak. Bruke samarbeidspartnar DÅS og Innovasjon Norge aktivt i kompetanseheving.	1. Iverksett minimum 3 kompetansetiltak	1. 2 av 3 tiltak iverksett: - Kompetanseprogram for handel og service gjennomført - PLP-kurs Fjellsetra gjennomført



3.3 Innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk

Arbeidsplassmål :

7. Samarbeid og nettverk – arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Mål	0	2	2	2	2	2	10
Resultat	0	1					1
Avvik	0	-1					-1

Strategiar, delmål og resultat:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
G. Industri	Bidra til å avdekke behov for nettverk blant industri- og næringslivsbedrifter (forsterke). Bidra til å vidareutvikle samhandlingsarenaer for og i samarbeid med bedriftene.	1. Strategiplan for industri-/næringsnettverk 2. Minimum 2 samarbeid/nettverksprosjekt	1. Oppdrag frå SINL, SNU prosjektleiar 2. - Samarbeidsforum skule og næringsliv «Skulenær» etablert - Gründerforum under etablering - Fellestur til Innovasjonsfestivalen - Leiarforum til vurdering
H. Opplevingsnæringar	Bidra til utvikling av samarbeidsarena for aktørane i opplevingsnæringane. Bidra til utvikling av samarbeidsarena for aktørar i landbruk og lokalmat. Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringspunktet mellom aktørane i reiseliv, opplevingar, lokalmat, design og kultur. Støtte aktuelle prosjekt i samråd med masterplan reiseliv.	1. Iverksett minimum 3 felles-/samarbeidsprosjekt	1. 1 av 3 iverksett: Bli kjent-dag gjennomført i november
I. Møteplassar og «co-work»	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar/«co-work» for bedrifter, gründerar og ungdom. Identifisere moglegheiter knytt til kontorplassar i SkaparLINKEN og tilflytting. Støtte aktuelle prosjekt i samråd med Næringsvennlig kommune.	1. Etabl. 1 fast møtearr. i SkaparLINKEN 2. Forstudie for å vurdere samarbeid med kommersiell aktør om tilflytting og kontorplass (eks. Remote Norge)	1. Frukostmøte – satt opp årshjul med tema, gjennomført 5 frukostmøter i 2022 2. Foreløpig ikkje prioritert, rekrutteringskampanje først



3.4 Innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven

Har ikkje arbeidsplassmål.


Strategiar, delmål og resultat:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
J. Næringsvennleg kommune	Gjennomføre forprosjekt næringsvennleg kommune. Støtte tiltak som forprosjekt NVK anbefala.	1. Gjennomføre forprosjekt NVK 2. Iverksette minimum 2 tiltak basert på forprosjekt	1. Forprosjekt november 22, litt forskyving grunna interne prosessar i kommunen 2. 2 tiltak iverksett: - Næringsteam etablert, møte kvar 14.dag - PLP-kurs SK
K. Møteplassar og kommunikasjon	Etablere fast møteplass mellom kommunen og næringslivet Aktiv og samordna kommunikasjon	1. Etablert 1 fast møteplass 2. Samordning av kommunikasjonsarbeidet med kommunen og SNU	1. - Første torsdag i mnd., teknisk sjef og Ordførar - Samarbeid med Landbruk 2. Felles kommunikasjon SNU og omstilling: - Nyheitsbrev - Instagram, Facebook, LinkedIn - Webside Skaparglede.no - Felles ressurs på tilsett i prosjektstilling, kommunikasjon
L. Sentrumsutvikling	Involvere handelsforeining, egedomsaktørar, frivillige organisasjonar og eldsjeler i arbeidet med å utvikle sentrumsområda.	1. Etablere prosjekt for å involvere handelsforeining, eldsjeler og egedomsaktørar i arbeidet med areal-/reguleringsplan for sentrumsområda 2. Gjennomføre studietur til Eigersund (eller liknande destinasjon)	1. Ikkje påstarta 2. Har informert HF om moglegheita
M. Areal	Bidra til å synleggjere tilgjengelege tomtareal for næring og bustad, og ledige næringslokale og utleigebustad.	1. Utarbeide kommunikasjonsplan for synleggjering av areal i samarbeid med kommuneadmin.	1. Prosess starta, som del av tiltak i NVK



Organisering og drift

4.1 Organisasjonsform og eigarskap



Omstillingsarbeidet er organisert som eit program eigd av Sykkylven kommune. Programmet er ansvarleg for å gjennomføre det ekstraordinære arbeidet med næringsutvikling og rapportera til kommunestyret.

4.2 Omstillingsstyret

Omstillingsstyret er satt i saman av representantar frå kommunen og næringslivet. Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunedirektør i Sykkylven kommune og dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling AS er observatørar i styret. Omstillingsstyret er ansvarleg for utarbeiding av strategi og handlingsplan for omstillingsprogrammet. I 2022 vart det gjennomført 8 styremøte i omstillingsprogrammet.

Gjennom året vart det fire endringar i samansetninga av omstillingsstyret;

1. Ranveig Mari Fagerli, marknadssjef Sykkylven Stål gjekk ut i mars, inn kom Solveig Gaundal, berekraftansvarleg Ekornes, 2. Anita Igelkjøn, Bankplassen Mat og Drikke gjekk ut i november, inn kom Erling Eliassen, B.S. Aure AS, 3. ass. næringsdirektør Eivind Vartdal Ryste, Møre og Romsdal fylkeskommune gjekk ut i juni, inn kom May-Britt Roaldsen, Møre og Romsdal fylkeskommune, og 4. ny kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen kom inn august.

Medlemmar i omstillingsstyret ved utgangen av 2022:

1. Styreleiar - Sykkylven kommune, ordførar Odd Jostein Drotninghaug
2. Politisk representant, Torill Velle
3. Politisk representant, Clara Strømmegjerde
4. Sykkylven Industri- og Næringslag, styremedlem Leif Jarle Aure
5. Styreleiar SNU, Øystein Vikingsen Fauske
6. Sykkylven Handelsforening, leiar Kåre Atle Vangen
7. Ekornes, Berekraftansvarleg Solveig Gaundal
8. B.S. Aure AS, Erling Eliassen
9. Driv Design, Åse Fet

Observatørar i omstillingsstyret med møte- og talerett:

1. Innovasjon Norge, spesialrådgjevar omstilling Anne Helgesen
2. Møre og Romsdal fylkeskommune, rådgivar kompetanse og næringsavdelinga, May-Britt Roald
3. Sykkylven kommune, kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen
4. Sykkylven Næringsutvikling, Åsne Folstad
5. Programleiar omstillingsprogrammet, Lise Haukeberg

4.3 Samarbeidsrelasjonar

Omstillingsprogrammet kjem i tillegg til det ordinære næringsutviklingsarbeidet i Sykkylven kommune, som Sykkylven



Næringsutvikling (SNU) varetek, SNU og omstillingsprogrammet samarbeida difor tett for å best mogleg kunne hjelpa næringslivet. SNU og omstillingsprogrammet har også ei viktig oppgåve i å jobbe for å sikre eit lokalt næringsapparat inn i framtida, slik kommunen og næringslivet ønska det.

4.4 Administrasjon og drift

Programleiar er tilsett i kommunen og er ansvarleg for å drifte aktivitetane som styret setter i gang i programmet. Kommunen sitt arkivsystem og rekneskapsystem nyttast til arkivering, saksbehandling, utbetalingar og rekneskap.


Kommunikasjon

Omstillingsprogrammet har ein eigen kommunikasjonsstrategi. Programleiar orienterte i kommunestyret med halvårsrapportering av arbeidet i omstillingsprogrammet den 20.juni 2022.

Kommunikasjon av kva omstillingsprogrammet kan bidra med til næringslivet i Sykkylven, som ein ekstraordinær innsats for næringsutvikling, er stadig viktig å få gjort kjent. Bedriftsbesøk er ein god måte for omstillingsprogrammet å bli kjent med behova til bedriftene, samtidig som det har vore ein god arena for dialog om kva omstillingsprogrammet kan bidra med for bedriftene.

Omstillingsprogrammet prioritera å delta på diverse lokale og regionale møter, både i næringsliv og politisk, for å fortelje om dei ekstraordinære midla Sykkylven kommune no har fått til næringsutvikling. I lag med SNU er vi til stades på dei sosiale media Facebook, Instagram og LinkedIn som nyttast til å informere om aktivitetar og kurs, og for å leie publikum inn til nettsida skaparlglede.no. Nyheitsbrev er også ein viktig kommunikasjonskanal, her samarbeida SNU og omstilling om felles utsending av dette, med informasjon om felles aktivitetar. På nettsida finn

ein meir informasjon om støtteordninga til omstillingsprogrammet og også det generelle næringsapparatet og støttemoglegheiter der.





Finansiering og innvilgingstatus 2022

Omstillingsprogrammet vil bli finansiert gjennom midlar fra Fylkeskommunen, kommunen og Sykkylven Industri- og Næringslag. Ambisjonen er ei finansiering på 5,4 millionar per år i 6 år, for 2022 såg finansieringa slik ut:

Finansiering	2022
Møre og Romsdal fylkeskommune*	4 000 000
Sykkylven kommune/Sykkylven Industri og Næringslag	1 400 000
Overføring frå 2021/mindreforbruk	1.049.502
Total	6.449.502

Tildelinga i frå Møre og Romsdal fylkeskommune var i 2022 på 4 millionar kroner. Ramma på totalt 5,4 millionar kroner vart fordelt på følgjande vis:

Innsatsområde	Program-aktivitet	Søkbare midlar*	Admin.**	Admin. SK***	Total-ramme
Skaparglede i Næringslivet	1.329.502	1.450.000	300.000	250.000	3.329.502
Opplevingsnæringar	400.000	700.000	150.000	100.000	1.350.000
Samarbeid og nettverk	450.000	0	250.000	0	700.000
Attraktive Sykkylven	320.000	0	200.000	300.000	820.000
Overheadkostnader	0	0	250.000	0	250.000
Totalt	2.499.502	2.150.000	1.150.000	650.000	6.449.502

*Søkbare midlar er midlar øymerka søknadar i frå bedrifter til utviklingsprosjekt. Det vil vere tilgjengelege midlar å søkje på i frå andre strategiområde også, men der er gjerne midla retta mot både aktivitetar som omstillingsprogrammet initiera og prosjekt i frå bedrifter.

** Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet frå styreleiar, kommunedirektør og andre administrativt tilsette i kommunen som blir engasjert i slikt arbeid.

Vedtekne tilsegn aktivitet og prosjekt per innsatsområde i 2022:

Innsatsområde	Tilsegn 2022
Skaparglede i Næringslivet	3.648.203
Opplevingsnæringar	597.591
Samarbeid og nettverk	120.000
Attraktive Sykkylven	190.685
Totalt	4.556.839



Inntekter og utgifter 2022

Kjende inntekter og utgifter 2022	
Inntekter	2022
Sykkylven kommune eigenandel	1.000.000
Sykkylven Industri og Næringslag og Sykkylven Næringsutvikling	400.000
Møre og Romsdal Fylkeskommune	4.000.000
Prosjektinntekter (eksterne tilsegn Innovasjon Norge)	270.000
Mindreforbruk 2021, overført til 2022	1.049.502
Sum inntekter	6.719.502
Kostnader	
Innvilga aktivitetar (inkl. totale kostnad ved eksternt tilsegn)*	4.556.839
Administrasjon**	1.233.200
Administrasjon Sykkylven kommune***	650.000
Sum kostnader	6.440.039
Resultat til vidare programarbeid****	279.463

* Prosjekt der Innovasjon Norge (IN) er inne og delfinansiera, her er det rekna totalkostnad for prosjektet. Det samsvarar da med prosjektinntekter i frå IN.

**Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, løn til styreleiar og prosjekteigar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar interne ressursar i kommunen sine timar brukt til aktivitet i Omstillingsprogrammet.

****Mindreforbruk settast på ein fondskonto og blir tilgjengeleg for omstillingsprogrammet i 2023.

Kommentarar inntekter og utgifter: Tabellen «Kjende inntekter og utgifter 2022» synar det som er innvilga i frå omstillingsprogrammet i 2022, og det som er innvilga i medfinansiering til omstillingsprogrammet i 2022. Denne tabellen inneheld informasjon som kjem i tillegg til rekneskapen ført av kommunen, den synar det vi veit har blitt gitt av tilsegn. Prosjektinntekter som står oppført i 2022 består av tilskot i frå Innovasjon Norge, dei er med og delfinansiera enkelte prosjekt og større programaktivitet, dette er midlar som kjem i tillegg til totalramma på 5,4 millionar. Tilskot i frå Innovasjon Norge kjem inn når prosjekt er rapportert ferdige, alle inntektene her i frå er difor ikkje synlege i kommunerekneskapen for 2022.



Vedlegg

Vedlegg 1 – Prosjektportefølje 2022

Prosjekt	Søker	Prosjekt	Type prosjekt	Kostandsovt	Søknadsbeløp	Bevilget beløp	Status	Innsatsområde
2022/4	Amatec AS	Utviklingsprosjekt Robot lasergravering	Forstudie	kr 101 500	kr 50 750	kr 50 750	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/5	Ludviksen Bygg AS	Utviklingsprosjekt Elementproduksjon	Forprosjekt	kr 425 500	kr 212 750	kr 212 750	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/6	Amatec AS	Utviklingsprosjekt Nye marknader	Forstudie	kr 444 500	kr 222 250	kr 222 250	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/7	SNU	Studietur reisemålsutvikling	Forprosjekt	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget	2. Opplevingsnæringar 17117
2022/8	Mestre As	Utviklingsprosjekt	Forprosjekt	kr 400 000	kr 200 000	kr 200 000	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/9	SNU	Nettverk Reiseliv	Forstudie	kr 26 000	kr 20 000	kr 20 000	Bevilget	3. Samarbeid og nettverk 17118
2022/10	PC Support	Utviklingsprosjekt Grafisk profil og kom	Forstudie	kr 196 000	kr 98 000	kr 98 000	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/11	Formfin	Utviklingsprosjekt Merkevarerstrategi og	Forstudie	kr 401 600	kr 200 800	kr 200 800	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/12	Riss testlab	Utviklingsprosjekt marked og organisas	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/13	Droneakademiet	Utviklingsprosjekt "Synlighet"	Forprosjekt	kr 173 570	kr 13 810	kr 13 810	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/14	Sykkylven CrossFit	Utviklingsprosjekt "Kompetanseheving"	Forprosjekt	kr 233 800	kr 116 900	kr 116 900	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/19	SunnmørsalpaneS	Bedre transport	Forstudie	kr 136 200	kr 68 100	kr 68 100	Bevilget	2. Opplevingsnæringar 17117
2022/20	Sunnmørsalpana S	Reduksjon strømforbruk i lystrasé	Forprosjekt	kr 165 700	kr 82 850	kr 82 850	Bevilget	2. Opplevingsnæringar 17117
2022/22	Innovern	Nye produkt og marked	Forstudie	kr 194 600	kr 97 300	kr 97 300	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/23	SNU	Nettverk SINL	Forstudie	kr 100 000	kr 50 000	kr 50 000	Bevilget	3. Samarbeid og nettverk 17118
2022/24	3DKN	Utvidelse tenestetilbod	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/27	Innovern	Nye produkt - produktutvikling absorber	Forprosjekt	kr 553 000	kr 276 500	kr 276 500	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/28	Formfin	Internasjonalisering	Forprosjekt	kr 382 100	kr 191 050	kr 191 050	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116
2022/33	High Five Event	Strategi Fjellseterstova	Forprosjekt	kr 246 000	kr 123 000	kr 123 000	Bevilget	2. Opplevingsnæringar 17117
2022/34	High Five Event	Prosjekt Blåtur team building/event	Forstudie	kr 250 000	kr 125 000	kr 125 000	Bevilget	2. Opplevingsnæringar 17117
2022/35	Brennevinsgrova	Mulighetsskisse Brennevinsgrova 2.0	Forstudie	kr 99 600	kr 49 800	kr 49 800	Bevilget	2. Opplevingsnæringar 17117
2022/36	Steinteigen AS	Steinteigen - overnatting Hindaholen	Forstudie	kr 40 000	kr 20 000	kr 20 000	Bevilget	2. Opplevingsnæringar 17117
2022/37	Ekornes	Utviklingsprosjekt AIV	Forprosjekt	kr 3 277 500	kr 350 000	kr 350 000	Bevilget	1. Skaparglede i næringslivet 17116



Kontakt

Lise Haukeberg, programleiar omstilling

Tlf.: 98 88 22 92

E-post: lise.haukeberg@sykkylven.kommune.no

Web: <https://www.skaparglede.no/omstillingsprogrammet/>

